

Steffen Nordang  
Norangdal  
6196 Norangsfjorden

Vår dato: **22 AUG 2013**  
Vår ref.: NVE 201003454-39 ksk/rmo  
Arkiv: 312/097.41  
Dykkar dato: 18.01.2013  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Rune Moe

## **Steffen Nordang m.fl. – Søknad om løyve til utbygging av Helgåa kraftverk i Ørsta kommune, Møre og Romsdal fylke. NVE sitt vedtak.**

NVE har vedteke å avslå søknaden om løyve til bygging av Helgåa kraftverk. Grunngevinga for vedtaket er at det planlagde kraftverket vil kome i konflikt med svært store landskapsverdiar, og at dette åleine tilseier at ulempene ved ei utbygging er større enn fordelane. Kriteria for å gi løyve slik desse går fram av vassressurslova § 25 er dermed ikkje oppfylt.

### **Planlagt utbygging**

Grunneigarane søkjer om løyve til å bygge Helgåa kraftverk, som vil nytte eit brutto fall på 883 m mellom kote 893 og kote 10 i elva Helgåa. I utosen av vatnet er det planlagt å etablere ein sperredam med 10 meters lengde og inntil 3 meters høgde. Det er tenkt ein kort kanal frå vatnet til eit borehol som ovanifrå vil vere ei 750 m lang, open sjakt, og vidare ein 850 m lang tunnel. I tunnelen planleggjast vatnet ført vidare gjennom eit stålrøyr med ein diameter på 0,5 m. Dei siste 260 metrane ned til kraftstasjonen vil røyrkata vere nedgrave. Det må byggjast om lag 110 m ny veg frå tunnelpåhogg til eksisterande veg og kraftstasjon. Middelvassføringa er 234 l/s og største slukeevne er planlagt til 468 l/s.

Helgåa kraftverk vil etter framlagde planer få ein installert effekt på 3,6 MW og estimert årsproduksjon på om lag 10,89 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på eit 1450 m langt elvestrekke. Det planleggjast ingen reguleringar av vatnet på kote 893, og det er planlagt slepp av minstevassføring på 30 l/s om sumaren, og 7 l/s om vinteren.

### **Høyring og distriktsbehandling**

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden blitt sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar for uttale.

NVE har mottatt følgjande fråsegn til søknaden:

**Ørsta kommune** tilrår ikkje at det blir gitt løyve til Helgåa kraftverk.

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal** fremjar motsegn til utbygging av Helgåa. Dette blir grunngitt med dei landskapsmessige konsekvensane i fjordlandskapet og at tiltaket vil gripe inn i eit prioritert inngrepsfritt naturområde.

**Møre og Romsdal fylkeskommune** peiker generelt på at Hjørundfjorden er i utvikling i reiselivssamanheng, og at det er viktig at ein ved etablering av småkraftverk legg vekt på det visuelle uttrykket i naturen og kulturlandskapet, der vassdrag og fossar utgjer ein viktig del. Dette må det leggjast vekt på dersom det blir gitt løyve, men òg kva verknad anleggsinngrep som t.d. vegskjeringar og rørgater i dagen vil få. Det er avgjerande at Hjørundfjorden ikkje blir skada som reiselivsmål.

Fylkeskommunen peiker som vassregionmyndigheit på at ein må leggje vekt på å avgrense negativ påverknad av utbygging etter § 12 i vassforskrifta, med særleg vekt på anadrome elvestrekningar. I tillegg peikast det på at det er eit visst potensial for funn av automatisk freda kulturminne ved planlagt kraftstasjon.

Fylkeskommunen viser òg til at auka produksjon av elektrisk kraft vil gi eit bidrag til betre straumforsyning i fylket og auke andelen fornybar energi. Småkraftutbygging gir auka verdiskaping og gir grunnlag for næringsutvikling og busetnad i distriktskommunar, både for den enkelte og for lokalsamfunnet.

**FNF Møre og Romsdal** peikar på at Helgåa er ei av dei mest iaugefallande elvane i Norangsfjorden og i Hjørundfjorden generelt. Ut frå landskapsomsyn, og ei samla vurdering av gjennomførte og planlagde småkraftverk i Hjørundfjorden, rår dei til at det ikkje blir gitt løyve til Helgåa kraftverk.

**Miljøpartiet Dei Grøne** er imot ei utbygging av Helgåa, og meiner at ei utbygging av den spektakulære fossen vil gå på tvers av turistsatsinga med hurtigruteanløp til fjordarma.

**Statens vegvesen** har ikkje merknader til søknaden, medan **Tussa Nett AS** og **Istad Nett AS** peiker på planlagde nettutvidingar som inneber at det på sikt vil vere tilstrekkeleg nett-kapasitet for det omsøkte kraftverket.

**Steffen Nordang** har på vegne av grunneigarane på Nordang gjort greie for situasjonen for næringsverksemda på Nordang, og viser til at ei utnytting av vassressursane til energiproduksjon vil gi bygda fleire bein å stå på. Det blir peikt på at den konsekvens som er omtalt i rapporten som vurderer sumverknadane av utbygging i Hjørundfjorden er einsidig og ikkje tilstrekkeleg nyansert kva vassføringa i Helgåa angår, samt at tiltaket elles vil innebere små naturinngrep. Det blir vist til eksempel frå vassdrag der både turisme og kraftproduksjon let seg kombinera.

### **Noregs vassdrags- og energidirektorat sine vurderingar**

NVE si vurdering byggjer på fråsegnene og informasjon gitt i konsesjonssøknaden med dei to fagrapportane som var lagt ved søknaden: "Konsekvenser for landskap, biologisk mangfold, kulturminner, inngrepsfrie områder og landbruk", og "Konsekvenser for reiseliv og friluftsliv" (notat), begge skrive av Ambio miljørådgiving. I tillegg er vurderingane basert på Miljøfagleg Utredning sin rapport med vurdering av prosjekta si samla belastning på fjordlandskapet. NVE meiner det ligg føre tilstrekkeleg informasjon til å fatte vedtak i saka.

Middelvassføringa i Helgåa er berekna til 234 l/s, og kraftverket er planlagt med ei slukeevne på 200 % av middelvassføringa. Dette inneber at Helgåa berre vil ha minstevassføringa tilbake (30 l/s om sumaren og 7 l/s om vinteren) i deler av året. 5-persentilane sumar/vinter er lagt til grunn for planlagt minstevassføring. NVE meiner at reduksjonen i vassføringa som følgje av ei ev. utbygging vil vere eit vesentleg moment i vurderinga av søknaden.

Det går fram av kapittel 3.7 i søknaden: *"Visuelt vil likevel utbygginga få betydelige negative virkninger for opplevelsesbildet i dette inntrykkssterke landskapet. Fossen knyttet til Helgåa er et av de viktige landskapselementene i området og den er godt synlig fra store deler av Norangsdalen, fra indre deler av Norangsfjorden og fra tilgrensende fjellområder, bl.a. det populære turmålet Slogen.*

Norangsdalen og Norangsfjorden er eit av 22 prioriterte kulturlandskapsområde i Møre og Romsdal, og er vurdert å ha nasjonal verdi. Helgåa er karaktergjevande for området og det einaste eksponerte fossefallet av noko størrelse i dalsida.



**Figur 1. Helgåa og sørsida av Norangsdalen**

I notatet som er utarbeidd av Ambio miljørådgiving om konsekvensane av ei utbygging av Helgåa for reiseliv og friluftsliv er det sagt følgjande:

- Naturen er den viktigaste føresetnaden for reiseliv og turisme i området.
- Helgåa er eit av få markerte vassfall i dalen.
- Norangsdalen har lang tradisjon som reiselivsmål.
- Hotel Union Øye er ein attraksjon og eit reiselivsmål i seg sjølv.
- Fjellet Slogen og Patchellhytta er mykje besøkte turmål. Helgåa er godt synleg både frå stien opp frå Øye, og frå toppen.


Rapporten frå Miljøfagleg Utredning slår fast at Helgåa har stor inntrykksstyrke, og at en utbygging vil resultere i at denne reduserast vesentleg, både isolert sett, men også når ein vurderer sumverknaden for fjordlandskapet i Hjørundfjorden.

NVE registrerar at alle høyringsfråsegn som tek stilling til utbyggingsspørsmålet utanom fylkeskommunen rår frå ei utbygging av Helgåa, samt at Fylkesmannen har fremja motsegn til

søknaden. Fylkeskommunen tek ikkje stilling til utbyggingsspørsmålet direkte, men legg vesentleg vekt på omsynet til reiselivet, der vassdrag og fossar er viktige element. Fylkeskommunen meiner det er avgjerande at det ikkje blir gitt konsesjon til utbyggingar som skadar fjorden som reiselivsmål.

I søknaden er det presentert to alternative slepp av minstevassføring (160/50 og 234/50 l/s sumar/vinter) i tillegg til hovudalternativet basert på 5-persentilane. Utbyggingsprisen vil bli høvesvis 5,26 kr/kWh og 6,00 kr/kWh. Søkjer skriv i søknaden at *"dersom kostnadene overstiger 5 kr/kWh, vil det vanskeliggjøre gjennomføringa av prosjektet"*. I ei fråsegn motteke 15.2.13 meiner søkjer at det likevel vil vere grunnlag for lønsemd med slepp av 160 l/s om sumaren på grunn av ordninga med elsertifikat. Søkjer meiner òg at ei minstevassføring på 160 l/s gjev eit heilt anna visuelt inntrykk enn det som er framheva i sumverknadsrapporten.

NVE er einig i at auka minstevassføring kan avbøte det negative inntrykket noko. På grunn av sterkt redusert produksjon vil ei slik alternativ utbygging vere relativt kostbar og ha lite samfunnsnytte, og framleis får store landskapsmessige konsekvensar. Fossen vil bli redusert og dynamikken i vassdraget vil i stor grad forsvinne. Tatt i betraktning fossens verdi som landskapselement meiner vi dette er uakseptabelt.



**Figur 2. Helgaa sett frå rasteplassen i som ligg i enden av Norangsfjorden**

I Kap. 5.1 i Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for små vasskraftverk, går det m.a. fram at ein skal være varsam med å gi løyve til småkraftverk i fjordlandskapet, og der utbygging kan redusere

verdien av særlege landskapselement. Fjordlandskapet og verdifulle landskapselement får i denne samanheng ein ekstra verdi i område som er av stor betydning for reiselivet, som det går fram av kap. 5.7.

NVE meiner det er tvillaust at Hjørundfjorden/Norangsfjorden og Norangsdalen har landskapsmessige kvalitetar som er viktige for turisme og reiseliv. NVE meiner dette er eit tungtvegande argument i vurderinga av søknaden om Helgaa kraftverk.

## Konklusjon

**NVE meiner at Helgaa har stor landskapsmessig verdi både isolert sett, og som ein del av fjordlandskapet i Hjørundfjorden/Norangsfjorden. Ulempene ved tiltaket for allmenne og private interesser er etter NVE si meining monaleg større enn fordelane, og kravet i vassressurslova § 25 er ikkje oppfylt. På grunn av landskapsverdiane sin karakter og Hjørundfjorden si betydning i reiselivssamanheng, er det lite sannsynleg at konflikta kan løysast ved å endre på tiltaket, herunder òg auka minstevassføring. Det blir difor ikkje gitt løyve til bygging av Helgaa kraftverk.**

NVE har ikkje vurdert i kva grad tiltaket vil vere i konflikt med andre allmenne interesser, som til dømes biologisk mangfald. Vurderingane knytt til dei landskapsmessige tilhøve i fjordlandskapet er òg nok til å konkludere med at løyve ikkje kan bli gitt.

Denne avgjerda kan klagast på til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

Med helsing



Rune Flatby  
avdelingsdirektør



Oystein Grundt  
seksjonssjef

Kopi: Ørsta kommune, Dalevegen 6, 6150 ØRSTA  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 MOLDE  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 MOLDE  
Statens vegvesen Region midt, Fylkeshuset, 6404 MOLDE  
Tussa Nett AS, Langemyra 6, 6150 ØRSTA  
Istad Nett AS, Plutovegen 5, 6419 MOLDE  
Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal, Kommunehuset, 6631 BATNFJORDEN  
Miljøpartiet De Grønne Ørsta/Volda v/Erik Gyllensten, Røystuvegen 13B, 6103 VOLDA